Arkiv:	<arkivID><jpID> FA-C00, FE-223
JournalpostID:	
Sakshandsamar:	
Dato:	11.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021

Tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur - våren 2021
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur slik det går fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 032/21 Vedtak:
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur slik det går fram av saka.

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn
Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordingar innan kultur- og idrettsfeltet.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2020 var tilsvarande ramme kr 7 700 000

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur, som hadde søknadsfrist 1. mars. Retningslinene seier at ordninga skal støtta kulturvernarbeid, samlingar og ivaretaking av lokal immateriell kultur.

Det er sett av 200 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden, og 100 000 kroner til neste søknadsrunde. I 2020 vart det fordelt totalt kr 300 000 til ordninga

Saka har vore på høyring til kulturrådet.

Saksopplysningar:

Søkjar	Tiltak og vurdering	Kostnad	Søknadssum	Innstilling
Veteranbussklubb BNR	Veteranbussklubben vil gje ut bok om historia til BNR frå 1974 og framover. Boka er ein oppfølgjar til	160 000	25 000	25 000

	boka om BNT som tok føre seg samferdslehistoria fram til 1973. Tiltaket vil dokumentera ein viktig del av vår nyare samferdslehistorie.			
Lindås sogelag	Lindås sogelag søkjer om modlar til vidareutvikling av postmuseet på Feste. Sogelaget søkjer no tilskot til andre del som mellom anna gjeld innkjøp av utstillingsdokker til postuniformar, produksjon av montasje om fjordabåtar, digitalisering m.m. Dei fekk 30000 kroner i støtte frå kommunen til første del. Tiltaket bidrar til å dokumentera og formidla både post- og samferdslehistorie.	255 000	30 000	30 000
Lindås sogelag	Sogelaget ynskjer å byggja kopi av Austefjordbåten. Dei har tidlegare fått 30 000 kroner frå kommunen til dette tiltaket. Båten skal nyttast mellom anna i samband med besøk av skuleklassar. Rådmannen innstiller likevel på 25 000 kroner til dette då det samla tilskotet berre utgjer 11 % av totalkostnaden.	500 000	50 000	25 000
Lindås kyrkjepark	Lindås kyrkjepark vil gje ut bok om kyrkjeparken på Lindås. I tillegg vil boka innehalda historiar om Lindås i farne tider.	150000	10000	10000
Radøy sogelag	Radøy sogelag vil setja opp skilt som opplyser om stad, bygning eller hending frå fortida langs ulike turstiar på Radøy. I første omgang vil dei setja opp ti skilt. Etter retningslinene skal tiltak ikkje fullfinansierast av kommunen, og normalt skal ikkje tilskotet vera meir enn 30 % av utgiftene. Eigeninnsats (produksjon av tekstar og arbeid med utsetjing) er ikkje tatt med i kostnadsoverslaget, og rådmannen innstiller difor på tilskot tilsvarande 50 % av kostnadene.	20 000	20 000	10 000
Ullveka	Ullveka er ein 10 dagars kompetanse og nettverksarena med ull i fokus. Ullprogrammet er variert, med kurs og aktivitetar, demonstrasjonar, omvisingar, fåredrag, utstillingar, ullmarknad og strikkekaféar.Ullentusiastar frå heile verdikjeda møtast-frå bonde og produsent tilhandverkar og formidlarar. Ullveka inkludereralle, frå nybegynnarar, skapstrikkarar, tovekunstnarar til erfarne og glade ullnerdar, og satsar på tilbod til alle aldersgrupper. Ullveka bidrar til å ta vare på og formidla vår immaterielle	260 000	50 000	50 000

	kulturarv om mellom anna ullproduksjon og handverksteknikkar.			
Holsnøy kystlag	Gavlbåten Blåmann kjem frå Kårbø på Holsnøy, og vart brukt ved landnotfiske fram til 1928. Den er no i Hardanger Fartøyvernsenter si eige. Holsnøy kystlag får overta båten vederlagsfritt frå fartøyvernsenteret, men søkjer tilskot til eit grindbygg som Blåmann kan stå i. Grindbygget er planlagd ved Kårbø kai, der dei har fått avtale med grunneigar om tomt.	174 000	50 000	50 000
Totalt		**1 519 000**	**235 000**	**200 000**

Vedlegg i saken:

01.06.2021 Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2021 1563864